# Meland kommune

Stusdal VVS AS
Apalen 17
5915 HJELMÅS

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Reidun Iden Lædre | 29.06.2017 |
| Vår: 15/288 - 17/13690 | reidun.i.ladre@meland.kommune.no | |

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk gbnr 52/42

**Administrativt vedtak. Saknr: 186/2017**

**Saksutgreiing:**
Det er i søknad, journalført motteke 07.06.2017, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/42 på Kårbøneset. Eigedomen skal koplat til det kommunale vassverket via felles privat vassleidning som er lagt fram til Kårbøneset hyttegrend. Denne leidningen vart godkjent etablert 07.11.2016 i sak DNT.368/2016. Det ligg føre dokumentasjon som syner at eigedomen gbnr 52/42 har rett til å kople seg til denne.

**Vurdering:**
Eigedomen har fått godkjent utslepp i sak DNT.175/2016. Naudsynte erklæringar ligg føre og administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Ansvarsrettar:
Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf pbl § 23-3

**Vedtak**

«Meland kommune godkjenner at fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/42 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført 07.06.2017, på følgjande vilkår:
- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - kommuneforlaget.
- Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000, pluss mva per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova.»

Mynde:
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Reidun Iden Lædre<br>konsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
kart
kart
Kart over vassleing Kårbøneset

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggmester Øyvind Litangen | Orrhøyen 12 | 5918 | FREKHAUG |
| Jan Myrås | Åmundsdalen 163 D | 5115 | ULSET |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stusdal VVS AS | Apalen 17 | 5915 | HJELMÅS |